



(versjon 5.12.2016)

# Prosjekt

## Fagleg plattform, profil og strategi

### Leveranse 1:

- Forslag til kjerneverdier, faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen, samt forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøying av utdanningsløp.
- Oversikt over vilkår for at Høgskulen på Vestlandet skal kunne kvalifisere seg for å få universitetsstatus i 2023

### *Prosjektgruppe*

- Knut Steinar Engelsen (professor ved Avdeling for Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, Viserektor for FoU, HSH)
- Gro Anita Fønnes Flaten (høgskoledirektør, HiB)
- Bjørg Hafslund (instituttleder for ergoterapi, fysioterapi og radiografi, HiB)
- Randi Skår (dekan ved Avdeling for helsefag, HiSF)

### *Støtte frå sekretariatet*

- Georg Arnestad (HiSF)
- Anne Marthe Hanstveit (HiB)
- Anja Olsen Moberg (HiB)
- Lene Borgen Waage (HSH)

## Innhald

1	Innleiing .....	3
1.1	Mandat .....	3
1.2	Prosjektgruppa si forståing av mandat og premissgrunnlag .....	3
1.3	Samansetjing av prosjekt- og styringsgruppe .....	4
1.4	Prosess og metode .....	5
1.5	Struktur for leveranse 1.....	5
2	HVL sin eigenart og kjerneverdier .....	6
2.1	Plattform- og verdielement.....	6
2.2	Faglege profilområde .....	6
3	Omtale av profilområda .....	8
3.1	Profilområde 1: Helse, omsorg og velferd.....	8
3.2	Profilområde 2: Danning, kultur og samfunn .....	11
3.3	Profilområde 3: Teknologi og sikkerheit .....	12
	Profilområde 4: Innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling .....	14
4	Forslag til mulege tverrfaglege satsingsområde for HVL .....	16
5	Drøfting av prinsipp som skal liggje til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning. ....	17
6	Forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar for HVL i perioden fram til 2023.....	18
6.1	Overordna visjon for HVL .....	18
6.2	Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023 .....	19

## 1 Innleiing

Prosjektgruppa for fagleg plattform, profil og strategi legg med dette fram sitt første forslag til plattform og profil for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Forslaget er basert på grundige drøftingar i prosjektgruppa og med styringsgruppa. I tillegg har ein lagt vekt på å innarbeide innspel frå organisasjonen, fokussamtalar med avdelingane, innspel frå innspelsrundar og høyringsfråsegner.

I vedlegg 1 «Delprosjekt Universitetsambisjonen 2023» vert det skissert ein tidsplan for arbeidet med universitetsambisjonen til HVL, og eit oversyn over kriteria som gjeld for å verte akkreditert som universitet i det nasjonale regelverket. Dette delprosjektet vil starte arbeidet rett etter nyttår.

### 1.1 Mandat

Mandatet for Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi spring ut av fusjonsavtalen og er konkretisert i fusjonsprogrammet, der det går fram at prosjektet skal kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen. Prosjektet skal også lage forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøying av utdanningsløp, samt oversikt over vilkår for at HVL skal kunne kvalifisere seg for å få universitetsstatus i 2023. Dette skal gjerast ved å svare på desse mandatområda:

1. Skildre grunnleggjande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen.
2. Skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda.
3. Skildre eigenart og kjerneverdier den nye høgskulen
4. Drøfte prinsipp som skal liggje til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøying av utdanning.
5. Føreslå faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023.
6. Kome med forslag til område der den nye høgskulen kan vere nasjonalt leiande.
7. Identifisere område der den nye høgskulen har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt.
8. Føreslå mulege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen.
9. Utarbeide ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskulen, der eksisterande og planlagde doktorgradsprogram inngår. Rolle og status til dei eksisterande forskingssentra skal vurderast og inkluderast i arbeidet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023.

### 1.2 Prosjektgruppa si forståing av mandat og premissgrunnlag

Fusjonsavtalen utgjer saman med den kongelege resolusjonen grunnlaget for danninga av den nye Høgskulen på Vestlandet (HVL).

I fusjonsavtalen heiter det HVL skal «byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon.» Den nye høgskulen skal også ha «eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling» og ha «ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidsretta profil.»

HVL skal også byggje «sterkare og meir solide forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt» og ta «nasjonal leiarsposisjon på område der vi er gode.» HVL er ein sentral nasjonal aktør som tek sitt samfunnsansvar og utviklar forskning av høg internasjonal kvalitet knytt til profesjonane vi utdannar for. Høgskulen skal verte «konkurransedyktig og attraktiv» både for studentar og fagpersonar.

Regionrolla og Vestlandet er nemnt fleire gonger i fusjonsavtalen. HVL skal vidareutvikle campusane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag. Den nye høgskulen skal utvikle nærmare og meir forpliktande samarbeid med kunnskapsinstitusjonane på Vestlandet, og vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping i regionen. I tillegg skal HVL ta utgangspunkt i og byggje vidare

på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar. Nynorsk skal vere hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet.

Innovasjon og verdiskaping er i fusjonsavtalen sett i samanheng med framtidig verdiskaping på Vestlandet, som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling.

Forskingmiljøa ved HVL skal setje spor både nasjonalt og internasjonalt. Høgskulen skal ha forpliktande opplegg for studentmobilitet i alle utdanningssyklusar, fleksible ordningar for tilsettmobilitet, og vere synlege internasjonalt også gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning. Forskarar og forskargrupper ved HVL skal vere tett knytt til det internasjonale forskarsamfunnet.

Den kongelege resolusjonen seier at «den nye høgskulen skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling.» Høgskulen vil òg ha «ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidsretta profil.»

Denne forståinga av fusjonsavtalen dannar, saman med dei innspela gruppa har fått i løpet av prosessen, grunnlaget for skildringa av fagleg plattform og profil for Høgskulen på Vestlandet.

### 1.3 Samansetjing av prosjekt- og styringsgruppe

Prosjektgruppa har bestått av

- Knut Steinar Engelsen (prosjektleder - professor ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, viserektor for FoU, HSH)
- Gro Anita Fønnes Flaten (forskingdirektør (fram til 1.11.16)/høgskuledirektør (frå 1.11.16), HiB)
- Bjørg Hafslund (instituttleiar Institutt for ergoterapi, fysioterapi og radiografi, HiB)
- Randi Skår (dekan ved Avdeling for helsefag, HiSF)

Styringsgruppa har bestått av:

- Knut Steinar Engelsen (viserektor ved HSH)
- Eva Haukeland Fredriksen (viserektor for forskning, HiB)
- Geir Anton Johansen (dekan ved Avdeling for ingeniør- og økonomifag, HiB)
- Anne Robbestad (dekan ved Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag, HSH)
- Randi Skår (dekan ved Avdeling for helsefag, HiSF)
- Stein Joar Hegland (dekan ved Avdeling for ingeniør- og naturfag, HiSF)
- Tina Åsgård (tillitsvald for NTL/LO Stat, HiB)
- Joar Sande (tillitsvald for Akademikerne, HiSF)
- Marit Breivik (tillitsvald for Norsk sykepleierforbund, HiB)
- Cecilie Fredheim (student, HSH)
- Per Walther Lassen (student, HiSF)
- Eigil Hole Lønning (student, HiB)
- Sverre Åge Dahl (adm. dir. i Samfunns- og næringslivsforskning (SNF) ved NHH)
- Mimi Bjerkestrand (rektor på Slettebakken skole og tidligere leiar i Utdanningsforbundet)

Støtte frå sekretariatet:

- Georg Arnestad (HiSF)
- Anne Marthe Hanstveit (HiB)
- Anja Olsen Moberg (HiB)
- Lene Borgen Waage (HSH)

## 1.4 Prosess og metode

Prosjektgruppa har i løpet av hausten 2016 gjennomført tre fysiske møte og ei rekkje digitale møte, i tillegg til dialog og arbeid via e-post og digital arbeidsplattform. Styringsgruppa har ved styrehandsaminga av leveranse 1 gjennomført fem møte (to fysiske og tre digitale møte), i tillegg til tilbakemeldingar og diskusjonar på digital arbeidsplattform.

Styringsgruppa er sett saman av leiarar, arbeidstakarrepresentantar og studentrepresentantar med ulik fagbakgrunn frå dei tre nærregionane, samt eksterne representantar. Dette har gjort at prosjektgruppa har fått viktige og nyttige innspel gjennom styringsgruppemøta til både prosess og metode, innhald og struktur for leveransane.

Innleiingsvis i arbeidet nytta prosjektgruppa ei *induktiv* tilnærming, gjennom å studere og samanstillе data frå ulike kjelder for å presentere den faglege aktiviteten ved HVL<sup>1</sup>:

- Strategiske planar for dei tre institusjonane.
- Elleve samtalar med totalt 91 deltakarar knytt til fagavdelingane (studentar, vitskapleg tilsette, teknisk-administrativt tilsette og leiing på institutt/studie/FoU-programnivå).
- Data frå NOKUT-portalen på studieprogramnivå.
- Informasjon frå nettsider og ressurspersonar ved dei tre høgskulane for oversikt over forskingsområda.
- Oversikt over etter- og vidareutdanningstilbod ved dei tre høgskulane frå arbeidsgruppa for EVU i «Sikker drift-prosjektet».

I veke 42 var det innspelsveke der tilsette og studentar ved alle delar av HVL fekk høve til å gi innspel til ulike prosjekt i fusjonsprogrammet. Delleveranse 1 vart sendt ut 17. oktober. Prosjektdeltakarar frå Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi deltok på innspelsdagane. Prosjektgruppa bad då særleg om ei kvalitetssikring av innhaldet i delleveransen.

I det vidare arbeidet har prosjektgruppa i hovudsak nytta ei deduktiv tilnærming, ved å svare på mandatområde 3-8 og bruke materialet frå delleveranse 1. Dette er supplert med mellom anna informasjon om samansetjing av fagtilsette med førstekompetanse og i stipendiatløp, for betre å kunne underbygge svara.

Leveranse 1 vert sendt til høyring 1. desember, med høyringsfrist 8. desember. Parallelt med dette blir fagmiljø knytte til områda der prosjektgruppa meiner HVL kan hevde seg nasjonalt og/eller lukkast internasjonalt, bedne om å utfylle omtalen av området med argumentasjon om kva som gjer at området skal trekkast fram. I høyringa opnar ein også for at andre område kan trekkast fram, men prosjektgruppa ber då om at ein samstundes skriv ein omtale med argumentasjon for at dette området skal trekkast fram.

Vi ser det som avgjerande at HVL sin plattform og profil får ei god og brei forankring i institusjonen. Det har derfor også vore prosjektgruppa sin intensjon å gjennomføre samtalar med fagmiljø på tvers av campus, fag og profesjonar, samt med eksterne representantar, men dette lét seg ikkje gjennomføre innanfor tidsrammene for utgreiingsarbeidet. Sidan det er lagt opp til styrehandsaming i to rundar, vil prosjektgruppa difor leggje opp til å gjennomføre slike samtalar mellom dei to rundane.

## 1.5 Struktur for leveranse 1

*Mandatområde 1* (skildre grunnleggande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen) og *mandatområde 2* (skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda) er skildra i delleveranse 1 (vedlegg 2).

---

<sup>1</sup> Datagrunnlaget er nærare skildra i punkt 1.2 i delleveranse 1 (vedlegg 2).

*Mandat område 3-8* er omtala i dette dokumentet gjennom følgjande punkt:

2. HVL sin eigenart og kjerneverdier (*mandat område 3*)
3. Omtale av profilområda med skildring og argumentasjon for val av profilområdet, profilelement, område der HVL kan vera nasjonalt leiande og område der HVL har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt (*mandat område 3, 6 og 7*)
4. Mulege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen (mandat område 8)
5. Drøfting av prinsipp som ligg til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning (*mandat område 4*)
6. Forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023 (*mandat område 5*)

Det er sett ned ei eiga gruppe som skal lage ein plan for realisering av universitetsambisjonen (*mandat område 9*). Denne gruppa vil starte den konstruktive delen av arbeidet sitt etter at denne leveransen er levert til interimsstyret. Tidsfrist for dette arbeidet vil bli fastsett av interimsstyret. Vi legg likevel her ved ei oversikt over vilkår som må oppfyllest om HVL skal kunne kvalifisere seg for å få universitetsstatus i 2023, inklusive dei milepålar som må nåast om planen skal kunne gjennomførast i samsvar med studiekvalitets- og studietilsynsforskriftene (vedlegg 1).

## 2 HVL sin eigenart og kjerneverdier

### 2.1 Plattform- og verdielement

Svaret på dette mandat området er i hovudsak basert på data og analysar som vart gjennomførte i samband med delleveranse 1 (jf. vedlegg 2). Tolka inn i mot fusjonsavtalen skil følgjande plattform- og verdielement seg ut i denne oppsummeringa:

*Universitetsambisjonen* er eit berande element i arbeidet med den faglege og fagleg-strategiske utviklinga av Høgskulen på Vestlandet. Prosjektgruppa skal i ein eigen delleveranse skissere korleis dette arbeidet skal realiserast slik at eit vestlandsuniversitet med ein arbeidslivs- og profesjonsprofil kan realiserast innan 2023.

*Vestlandet og vestlandsidentiteten* er ein grunnleggande del av HVL si plattform. Vi skal tilby relevante og tidsriktige utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå med kunnskapsbasert praksis og entreprenørskap som overordna perspektiv og utføre forskning i nasjonal og internasjonal kunnskapsfront.

*Nynorsk* er ein vesentleg identitetsmarkør for Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen vil stimulere til forskning kring nynorsk språk og fagdidaktikk i samarbeid med dei andre institusjonane i UH-nett Vest. Høgskulen ser det som ei viktig oppgåve å bidra til utvikling av eit *klårt og enkelt nynorsk fagspråk* innanfor fagområda ved HVL.

«*Tett på*» i brei tyding utgjer òg eit vesentleg fundament i plattformen. Vi skal vere tett på studenten, tett på samfunns-, kultur- og arbeidsliv i regionen og tett på i forholdet mellom fag og administrasjon internt i høgskulen.

### 2.2 Faglege profilområde

Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i at HVL som framtidig universitet skal ha ein profesjons- og arbeidslivsretta profil<sup>2</sup>. Dette inneber at i tillegg til høg fagleg internasjonal kvalitet, skal også nytte og relevans vere berande faktorar både i utdanningstilbod og forskingsaktivitet. I tillegg må den overordna profilen sjåast i samheng med nokre grunnleggande premisser som ligg til grunn for å kunne oppnå status som universitet. HVL må for det første tilby gjennomgåande studieløp frå bachelor-til ph.d.-nivå innan minimum fire fagområde (studiekvalitetsforskrifta § 3-8, 3. ledd). Vidare

---

<sup>2</sup> Omgrepet arbeidsliv inkluderer samfunnsliv i prosjektgruppa si forståing

må høgskulen ha stabile fagmiljø med høg kompetanse innan både utdanning, forskning og utvikling, som legg grunnlag for denne utviklinga (studiekvalitetsforskrift §3-8, 1. ledd). Så vel utdanning som FoU-verksemd skal halde høg internasjonal kvalitet, samstundes som studia må ha eit tilstrekkeleg studentgrunnlag og god gjennomstrøyming over tid på alle tre nivå (forslag til ny studietilsynsforskrift § 3-4 , § 2-2. 12. ledd, § 3-1. 4. ledd).

Korleis påverkar så universitetsambisjonen profilarbeidet? Ei viktig drøfting her er kor vidt ein skal ta utgangspunkt i ph.d.-satsingar når det gjeld utvikling av profilområde for HVL. Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i både etablerte ph.d.-utdanningar og pågåande ph.d.-søknader i arbeidet med å finne framstående omgrep i profilområda. Sidan storparten av utdanningstilboda ved HVL er på bachelor- og masternivå, vil også den faglege breidda på dette nivået vere grunnlag for profilarbeidet. Både eigne masterutdanningar og vidareutdanningar på masternivå vil vere sentrale i og med at desse fagmiljøa legg viktige premisser for utforming av ph.d.-utdanningar.

Alle universitet og høgskular har krav om å fastsetje eigne mål og styringsparametrar for verksemda. Desse skal byggje opp under måla som er sette for heile sektoren, og vise kva profil og utviklingsstrategi den enkelte institusjonen har<sup>3</sup>. På vegen mot status som universitet er det difor viktig å utvikle faglege profilar som gjer at ein i framtida står rusta til å ivareta dei fullmakter universitetsstatus gir i form av mynde til sjølv å akkreditere studium frå første til tredje syklus. Dette inneber at ein har fagmiljø som både kan vidareutvikle og skape nye utdanningstilbod innanfor institusjonens faglege profil, og som evnar å skape ein god samanheng mellom utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. I tillegg skal den faglege profilen plassere institusjonen i UH-landskapet, både nasjonalt og internasjonalt.

Når det gjeld profesjons- og arbeidslivsprofilen, må fagleg profil her også omfatte dei utdanningane som har eit særskilt samfunnsmandat med tilhøyrande nasjonale rammeverk. Ein ser i dag ei utvikling mot ei «forenkling» av nasjonale rammeplanar, samstundes som det går mot ei sterkare nasjonal styring av kva som skal kjenneteikne kvalitet i høgare utdanning generelt. I dette står læringsutbyte og lærings- og vurderingsmåtar, undervisningskompetanse og utdanningsleiing sentralt. Samstundes har utdanningsinstitusjonane sterke føringar når det gjeld å ivareta kunnskapstriangelet utdanning – forskning – innovasjon. For profesjonsutdanningane betyr dette at ein kan ha eit felles innhald i studia, som til dømes fagområde og praksisområde, men at ein gjennom læringsmetodar og forskingsbasert undervisning kan ta del i den faglege innretninga og perspektiva som særmerker den institusjonen ein høyrer til. I dette ligg også vektlegging av kunnskapsbasert praksis og læringsverktøy, som til dømes IKT og entreprenørskap, som kan gjere studentane i stand til å bidra i kvalitetsutvikling og forbetring i dei yrkessamanhengane ein utdannar seg til.

Oppsummert er det fylgjande moment som legg grunnlaget for dei føreslegne faglege profilområda:

- Relevans i høve samfunns-, kultur-, arbeids- og næringsliv regionalt og nasjonalt
- Profil i eksisterande utdanningstilbod, særleg på master- og ph.d.-nivå
- Forholdet mellom utdanning, forskning og innovasjon
- Potensial i fag- og forskingsmiljø, nasjonalt og internasjonalt vitenskapleg nivå
- Læringsmiljø og læringsaktivitetar
- Høg kvalitet i forskingsarbeidet gjennom ekstern forskingsfinansiering og vitenskapleg publisering og sitering
- Fleire forskingsområde i forskingsfronten

Profilskilddringa er meint å gje nokre klare retningar for prioriterte satsingsområde på utdannings- og forskingsfeltet, basert på sterke og til dels komplementære fagmiljø og på overordna strategiske

---

<sup>3</sup> Orientering om forslag til statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskular, s 4:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/4e0529414f2d4ee5951a1525ad7bb266/orientering-om-forslag-til-statsbudsjettet-2017-for-universiteter-og-hogskolar.pdf>



føringar. Inndelinga er ikkje meint å leggje føringar for fakultets- og instituttstrukturen i HVL. Det er òg viktig å merke seg at fleire av profilelementa kan høyre naturleg inn under fleire av profilområda.

Profilområda er delt inn i fire overordna kategoriar:

Profilområde 1 Helse, omsorg og velferd

	1) Helse, omsorg og velferd	2) Danning, kultur og samfunn	3) Teknologi og sikkerheit	4) Innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling
<b>Profilelement</b>	Omsorgstjenester, samhandling, implementeringsforskning, klinisk helse, psykisk helse og rus, livsstil, helse og livskvalitet, sosialt arbeid, samfunnsarbeid	Fag og allmenndidaktikk; idrett; oppvekst, demokrati og mangfald; kunst – og kultur; læring og nye medium; utdanningsleiing	Teknologi og energi; naturvitenskap og planlegging; brannikkerhet; hav og nautikk	Regional økonomi og utvikling; innovasjon i velferdstenester; organisasjon og leiing; klimaomstilling; grønt skifte og berekraftig utvikling
<b>Kan lukkast nasjonalt</b>	Omsorgsforskning Implementeringsforskning og metodeutvikling Klinisk helse Livsstil, helse og livskvalitet Psykisk helse og rus Samhandling	Barne og ungdomslitteratur Idrett IKT i læring Matematikkdidaktikk Performative kunstfag i opplæring og danning Praksisnær utdanningsforskning	Datateknologi Brann og nautikk Miljøvitenskap og berekraftig utvikling	Regional økonomi, historie og utvikling Student-entreprenørskap
<b>Internasjonalt</b>	Care research	Creativities, Arts and Science in Education	Computer Science Nautical and maritime operations	Innovasjons- og entreprenørskapsforskning Sustainable climate change management
<b>Tverrgående satsingsområde</b>	Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing, Berekraft og sikkerheit Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap, IKT som mulegheitskapande teknologi			

Profilområde 2 Danning, kultur og didaktikk

Profilområde 3 Teknologi og sikkerheit

Profilområde 4 Innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling

### 3 Omtale av profilområda

For dei ulike profilområda som er valt, gir vi her ei skildring og ein argumentasjon for val av profilområdet og synleggjer ulike profilelement. Vi peikar òg på område der HVL kan vere nasjonalt leiande og område der HVL har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt (*mandatområde 3, 6 og 7*).

#### 3.1 Profilområde 1: Helse, omsorg og velferd

Dette profilområdet veks fram av helse- og sosialfaga ved HVL som gjennom utdanning og forskning skal medverke til betre tenester, behandling og omsorg til pasientar og brukarar i alle livsfasar. Brukarmedverknad, livskvalitet, pasientsikkerhet, førebygging, rehabilitering, sjukdomshandtering og diagnostiske metodar er nokre sentrale område innan helseforskninga. Vidare ser ein både eksisterande og potensielle tverrfaglege samarbeid innan helse-, sosial-, og idrettsfag, gjennom til dømes samhandlingsforskning, velferdstenesteforskning, og forskning på livsstilssjukdomar, livsstilsending og helsefremjing. I dette ligg også utvikling av helse- og velferdstenester gjennom bruk av ny teknologi, kunnskapsleiing og samhandling i førstelinja. Brukarinvolvering i forskning kan også framhevast med døme som forskingscirklar i sosialt arbeid og sjølvrapportering av helse- og livskvalitet ved livsstilssjukdom og kronisk sjukdom. Diabetessjukepleie og rusomsorg, samt fedmebehandling gjennom kirurgi eller livstilsending er døme på sentrale forskingsfelt. Her er også idrettsfaga og ernæringsfaga sentrale med vektlegging av helsefremjing gjennom kosthald, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Vidare ser ein gjennom arbeidet med ein ph.d. i helsevitenskap potensialet det samla fagmiljøet har når det gjeld å byggje ny kunnskap innan helsefeltet og utvikle metodar for å implementere



forskningsbasert kunnskap i praksis. Her representerer omgrepa helse, funksjon og deltaking breidda og djupna i dei fag- og forskingsmiljøa som legg grunnlaget for søknad om akkreditering av ei ph.d.-utdanning.

Ein vesentleg del av både utdanningstilbod og forskingsområde i HVL bevegar seg mot spesialist- og kommunehelsetenesta og mot eldre og brukarar med samansette, langvarige og komplekse behov. Her har HVL eit veksande tverrfagleg miljø innan både omsorgsforskning og samhandlingsforskning. Felles for helse- og velferdsfeltet er at ein blir utfordra på aktiv samhandling på ulike nivå, mellom spesialist- og kommunehelsetenesta, mellom ulike profesjonar og mellom profesjonelle og brukarar og deira familie eller pårørande. I dette ligg også behovet for sosial innovasjon og endring. HVL har tverrfaglege masterutdanningstilbod innan samhandling og samfunnsarbeid, som begge fangar desse utfordringane. Vidare er klinisk helse, som inneber mellom anna diagnostisering, pleie eller behandling av pasientar med akutt, kritisk eller kronisk sjukdom, eit felt som omfattar fleire fag og utdanningar. I tillegg har HVL både utdanning og forskning innan reproduktiv helse, og bidreg på eit veksande felt innan velferdstenestene knytt til barnevern og psykisk helse hjå barn og unge. Innan felte som omhandlar svangerskap, barn og familie, ser ein migrasjon som eit forskingsområde i utvikling.

Eit anna område som òg skapar nye mulegheiter for innovasjon i helse og velferd, er forskning innan biomedisin og genetik, biobankar og offentlege helsedata, digitalisering og teknologi. Dette er område der bioingeniør- og ingeniørfag møter helsefag. Her er forskingsmiljøa ved HVL i god utvikling. Forskningsområdet kan utviklast vidare ved mellom anna bruk av det medisinsk-tekniske utstyret som ein i dag har ved HVL.

Innanfor profilmrådet helse, omsorg og velferd er det 222 personar med førstekompetanse eller i stipendiatløp (43 med toppkompetanse). Ser vi på kva forskingsområde og forskingsgrupper desse er knytte opp mot, i tillegg til den samla utdannings- og FoU-verksemda, så teiknar det seg eit bilete av fylgjande profilelement innan Helse, omsorg og velferd:

- **Omsorgstenester**, som inkluderer rehabilitering, helsefremming og velferdsteknologi
- **Samhandling**, som inkluderer pasientsikkerhet, brukarmedverknad og velferdstenester
- **Implementeringsforskning**
- **Klinisk helse**, som inkluderer bevegelse og funksjon og reproduktiv helse
- **Psykisk helse og rus**
- **Livsstil, helse og livskvalitet**, som inkluderer fysisk aktivitet, ernæring og folkehelse
- **Sosialt arbeid og samfunnsarbeid**, som inkluderer barnevern og migrasjon

#### Område HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet, skil følgjande område innanfor helse, omsorg og velferd seg ut som mulege område med nasjonal posisjon<sup>4</sup>:

#### Omsorgsforskning

Omsorgsforskning rettar seg mot pleie- og omsorgssektoren, og Senter for omsorgsforskning vest er eit viktig knutepunkt for både forskning og bygging av utdanningstilbod i HVL. Fokus er på omsorgstenester i kommunane, med særleg vekt på eldreomsorg. Med institusjonelle vilkår forstår ein økonomiske, organisatoriske, kulturelle, verdimesige og sosiale rammer for å utøve tenestene. Dette betyr at tenesteforskning er eit sentralt forskingsområde, i tillegg til demensomsorg, kvardagsrehabilitering og omsorgsteknologi. Senteret arbeider også med grunnlagstenking knytt til

---

<sup>4</sup> Parallelt med at leveransen er sendt til høyring (1/12) er det sendt ut førespurnad til fagmiljøa bak desse områda med spørsmål om å kvalitetssikre og utdjupe omtala.

omsorg. På denne måten representerer omsorgsforskning eit tverrfagleg felt. Forskingsmiljøet har siste åra henta inn eksterne midlar til fleire store forskingsprosjekt og kan vise til ei omfattande liste av publikasjonar.

#### Implementeringsforskning og metodeutvikling

Gjennom eit veksande miljø innan implementeringsforskning og metodeutvikling svarar HVL, som eitt av få miljø i Noreg, på ein etterspurnad nasjonalt. Implementeringsforskninga vektlegg utvikling av kunnskap om korleis resultat frå forskning kan nyttast i praksis, i tillegg til å utvikle kunnskap om metodar for evaluering av helsefagleg praksis og forskingspraksis. Metodane omfattar både systematiske oversikter, komplekse intervensjonsstudiar og andre typar kvantitative og kvalitative studiar. HVL vil som einaste utdanningsinstitusjon i Noreg tilby master i kunnskapsbasert praksis, og forskingsmiljøet er viktig i bygging av ph.d. i helsevitenskap.

#### Klinisk helse

HVL markerer seg nasjonalt gjennom eit stort helsefagleg utdannings- og forskingsmiljø som omfattar ulike funksjonar innan spesialisthelseteneste i sjukehus og kommunehelseteneste. HVL vil tilby masterutdanningar innan klinisk helse. Miljøet rundt masterutdanningane er eit viktig grunnlag for utvikling av ph.d. i helsevitenskap, som har arbeidstittelen helse, funksjon og deltaking. Her må særleg nemnast forskingsmiljøet kring diabetessjukepleie som forskar på pasienterfaringar og opplevingar med å leve med diabetes. Dette miljøet har utmerka seg både gjennom publiseringskvalitet og eksternfinansiering. I tillegg har HVL eit stort forskingsmiljø innan områda bevegelse og funksjon. Forskinga har som mål å gje auka forståing for sjukdom og helse, spesielt innan muskel-skjelettplager og psykiske lidningar og i grenseoppgangen mellom desse.

#### Livsstil, helse og livskvalitet

Dette er eit spennande tverrfagleg miljø under utvikling. Det omfattar både helsefag og idrettsfag. Det har særleg utmerka seg gjennom forskning kring pasienterfaringar og sjølvrapportert helse, samt fysisk aktivitet og ernæring som viktige faktorar ved livsstilsendring. Forskingsområda fysisk aktivitet, ernæring og folkehelse relaterer seg til master i idrettsvitenskap og bachelor i folkehelse. Eit større forskingsmiljø på tvers i HVL rettar seg mot helse og livskvalitet ved livsstilssjukdom og kronisk sjukdom. Her har fedmeforskingsmiljøet markert seg gjennom utvikling av kunnskap som kan gje betre behandlingresultat, rehabilitering og oppfølging av sjukeleg overvektige personar. Forskingsmiljøet syner igjen nasjonalt og internasjonalt gjennom ei rekkje vitenskaplege publikasjonar og populærvitenskapleg formidling. I tillegg har HVL eit forskingsmiljø som ser på korleis sjukdom og behandling påverkar ulike pasientgrupper sin livskvalitet, helsefremming og deltaking i samfunnet.

#### Psykisk helse og rus

HVL har utdanningar på fleire nivå som rekrutterer godt på feltet psykisk helse og rus. Forskingsmiljøa kring psykisk helse og rus har brukarmedverknad som ein felles lede råd. At både pasientar og brukarar samt pasient- og brukarrepresentantar medverkar på individ- og systemnivå, er både eit verkemiddel for å heve kvaliteten på tenestene og ein demokratisk verdi i seg sjølv. Her har miljøa særleg føresetnad til å markere seg nasjonalt gjennom implementering av eit klinisk tilbagemeldingsinstrument som er basert på brukarinvolvering. Eit solid miljø er under oppbygging gjennom fleire ph.d.-prosjekt og tilslag på eksterne midlar.

#### Samhandling

Dette er eit område som har stort potensiale til nasjonal posisjon gjennom tverrfaglege forskingsmiljø med mellom anna vekt på kommunal tenesteinnovasjon og kunnskapsleiing i førstelinja. HVL tilbyr masterutdanningar som byggjer på prinsippa i samhandlingsreforma, som heilskaplege tenester og pasientforløp. HVL har også etablerte strukturar som svarar på eit nasjonalt behov for samhandling og gode pasientforløp på tvers av forvaltningsnivå. Gjennom utprøving av «helsetorgmodellen» vart det seinare utvikla ei eiga FoU-eining for samhandling (FoUSAM) mellom høgskule, helseføretak og kommunar i Stord/Haugesund. Denne modellen har markert seg nasjonalt og kan vere inspirasjon for utvikling av HVL si regionale rolle innan helse, omsorg og velferd.

## Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

### Omsorgsforsking (Care Research)

Av dei områda som er nemnt ovanfor som kan markere seg nasjonalt, kan omsorgsforsking trekkjast fram som eit miljø som kan lukkast internasjonalt. Dette handlar både om den posisjonen omsorgsforsking allereie har gjennom ulike forskingsprosjekt med internasjonal deltaking og sampublisering, og den styrken dette miljøet har gjennom det at ein kan spele på eit breitt fagmiljø på tvers av ulike utdanningar og forskingsfelt i HVL.

### 3.2 Profilmråde 2: Danning, kultur og samfunn

Danning er eit sentralt omgrep for HVL sine satsingar innan dei utdanningsretta profesjonsområda ved HVL og gir, saman med omgrepet didaktikk, kursen for den faglege profileringa. Dette dreier seg om dei store lærarutdanningane, grunnskulelærarutdanninga og barnehagelærarutdanninga, men også lektorutdanninga, didaktisk retta fagstudium og omfattande etter- og vidareutdanningsverksemd, der læring og undervisning er dei sentrale faglege temaa. Eit breitt kulturomgrep kan knytast til kunst-, idretts- og språkfag og dannar, saman med dei samfunnsfaglege perspektiva, eit grunnlag for å kople danning- og læringsperspektivet til emne som til dømes oppvekst, demokrati, medborgarskap, samfunnsengasjement, deltaking og kulturelt mangfald.

Innanfor profilmrådet danning, kultur og samfunn er det 214 med førstekompetanse eller i stipendiatløp (av desse har 40 toppkompetanse). Følgjande profilelement er identifiserte:

- **Fag og allmenndidaktikk**
- **Idrett**
- **Kunst- og kulturfag**
- **Læring og nye medium**
- **Oppvekst, demokrati og mangfald**
- **Utdanningsleiing**

### Område der HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet skil følgjande område innanfor danning, kultur og samfunn seg ut med mulege nasjonal posisjon<sup>5</sup>:

#### Barne- og ungdomslitteratur

Barne og ungdomslitteratur er eit felt der HVL sine institusjonar har markert seg klart nasjonalt, både på forskingsfeltet, men også ved at institusjonen er vertskap for ein eigen, unik barnelitteraturfestival.

#### Idrett

HVL har eit sterkt idretts- og kroppsøvingsmiljø med stor breidde i utdanningsporteføljen og med ei sterk forskingsforankring og høg publiseringsaktivitet. I fagmiljøet er det høg kompetanse på fleire felt, frå toppidrett til friluftsliv og med viktige didaktiske komponentar.

#### Performative kunst og kulturfag

Kunst- og kulturfag er saman med kunstfagdidaktikk eit tydeleg område i HVL som kan hevde seg nasjonalt, spesielt knytt til performative kunstfag som musikk og drama, men også til litteraturfeltet. Her har institusjonen alt etablert ein nasjonal posisjon, mellom anna gjennom etablering av to senter og sentrale roller i etableringa av ein tverrinstitusjonell og aktiv forskarskule på ph.d.-nivå innan musikkfeltet. Fagmiljøa på dei ulike campus er til dels komplementære.

---

<sup>5</sup> Parallelt med at leveransen er sendt til høyring (1/12) er det sendt ut førespurnad til fagmiljøa bak desse områda med spørsmål om å kvalitetssikre og utdjupe omtala.

### Læring og nye medium

Læring og nye medium beskriv eit eksisterande satsingsområde ved HVL og utgjer samstundes ei operasjonisering av HVL sin overordna strategi om å satse på digitalisering, også i utdanning og forskning. Danninga av HVL fører til ei naturleg kopling mellom operative undervisningsmiljø, forskingsretta miljø og miljø med meir «hands-on»/ «to do» mediekompetanse.

### Matematikkdidaktikk

Innanfor matematikkdidaktikk har HVL tatt ein nordisk posisjon innafør praksisnær, undersøkende og kritisk matematikk-didaktikk kor læringssamtalen er eit sentralt særtrekk. Fagmiljøet har også redaktøransvar for eit anerkjent nasjonalt tidskrift på feltet.

### Praksisnær utdanningsforskning

HVL sin profil innan praksisnær utdanningsforskning er knytt til fleire område der HVL samla sett står sterkt nasjonalt. Dei *fagdidaktiske* miljøa, både humanistiske, samfunnsfaglege og realfaglege, er samla sett sterke og til dels komplementære. Utdannings- og forskingsmiljøet på barnehagefeltet, er også i ferd med å etablere ein nasjonal posisjon, både på forskingsfeltet og når det gjeld nye, distribuerte utdanningsformer, der IKT spelar ei sentral rolle, til dømes arbeidsplass-basert barnehagelærarutdanning. *Lærarprofesjonalitet* er eit forskingsfelt som bidrog sterkt til etablering av ph.d.-programmet «Studier av danning og didaktiske praksiser», og vil vere eit viktig felt her.

Fagmiljøa frå fleire campus ved HVL har etablert ein markert nasjonal og til dels internasjonal posisjon innan *lærarutdanningsforskning*, mellom anna gjennom sentrale roller i etablering og drift av den nasjonale forskarskolen for lærarutdanning, NAFOL. *Vurderingsforskning* er også eit felt der HVL står sterkt både nasjonalt og internasjonalt, både i form av publiseringsverksemd, drift av store forskingsprosjekt og fagleg nettverkstilknytting på høgt internasjonalt nivå. HVL har eit tungt fagmiljø innan utdanning og forskning på *skule- og barnehageleing* og har utvikla eit tett og unikt samarbeid med regionale aktørar om leiarutvikling på ulikt nivå. Forskingsmiljøet på feltet har klart markert seg på nasjonalt nivå.

### Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

#### Creativities, arts and science in education

HVL har på kort tid etablert ein internasjonal leiarposisjon når det gjeld fagleg kopling mellom kunstoffag og naturvitskap innan utdanningsfeltet, samla i satsingsfeltet *Creativities, Arts and Science in Education*. Dei involverte prosjekta har både nasjonal (NFR) og internasjonal finansiering (I Horizon2020 og Erasmus +) og aktiviteten er knytt opp i mot eit sterkt internasjonalt nettverk, tyngst festa i Europa men også med tilknytning til sterke universitetsmiljø i USA og Canada. HVL si rolle er å leie arbeidet med utviklinga av samspelet mellom kunstoffag og naturvitskap. Den didaktiske kjernen i aktivitetane er knytt til global samproduksjon av opera med tematikk frå naturvitskap, eit konsept som vart utvikla gjennom tidlegare EU-finansiert aktivitet. Tema og problemstillingar frå partikkelfysikk og astronomi har vore utgangspunkt for kunstoffagleg bearbeiding gjennom musikk, drama, dans og kunst & handverk og utgjer dei faglege kjerneområda. Det er for tida fleire EU-orienterte prosjekt under utvikling med forankring i det same nettverket.

### 3.3 Profilområde 3: Teknologi og sikkerheit

Dette profilområdet byggjer på ingeniørfag og naturvitskap som saman med nautikk og økonomiske fag har ei felles utfordring i å bidra med berekraftige løysingar innanfor energi, hav, klima, miljø og omstilling. Dei store klimaendringane dei siste åra og ei berekraftig maritim næring gjev Vestlandet særlege utfordringar og mulegheiter som gjer at sikkerheit vert eit sentralt område for HVL. Det ligg ein betydeleg fagleg kompetanse ved HVL innanfor område som klimatilpassing, nye fornybare energiformer, geofare, økologi og maritim næring og utvikling. Det er nødvendig å forske på og forstå utfordringane som grunnlag for kunnskapsbasert handling og utvikling. Samtidig skal vi bidra til å utnytte mulegheitene ved kysten og i havet som ein verdifull ressurs som kan bidra til berekraftig næringsutvikling. Det gjeld ny til dømes ferdsel, havbruk og vidare utvinning av ressursane på

havbotnen. Disse perspektiva skal reflekterast i utdanningstilboda innan teknologi, miljøvitskap, nautikk og brannikkerhet.

Innanfor profilmrådet teknologi og sikkerheit er det 166 med førstekompetanse eller i stipendiatløp (av desse har 28 toppkompetanse).

Vi har identifisert følgjande profilelement:

- **Teknologi og energi**
- **Naturvitskap og planlegging**
- **Brannikkerhet**
- **Hav og nautikk.**

#### Område der HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet skil følgjande område innanfor teknologi, miljøvitskap og sikkerheit seg ut som mulige område med nasjonal posisjon:

#### Datateknologi

Datateknologi omhandlar alt frå sensor og måleteknologi, via nettverk og kommunikasjon til programvare og datasystem for tolking, analyse, lagring og av bruk av data til dømes til å styre ulike prosessar. Dette vert realisert i ulike datasystem i alt frå store datamaskiner til smarttelefonar og nettbrett som i aukande grad er brukargrensesnittet ved hjelp av appar. Datateknologi er i ferd med å revolusjonere samfunnet innan fleire område, som helsesektoren, til dømes velferdsteknologi som gjer at eldre kan bu lenger heime. Eit anna døme er omtala som Industri 4.0 med fabrikkar der maskiner kommuniserer med kvarandre og tilpassar operasjonar etter behov – i motsetnad til standardiserte produksjonslinjer. HVL har ein nasjonal og internasjonal posisjon på dette feltet som er utvikla både gjennom høg kvalitetsforskning og samarbeid med regionalt og internasjonalt næringsliv.

#### Brann og nautikk

Brannutdanninga på bachelornivået ved HVL er unik i Norge. På masternivået er HVL in av åtte institusjonar i verda som tilbyr masterutdanning innan brannikkerhet. Forskinga på feltet, basert på simulering og bruk av matematiske modellar, har omfattande ekstern finansiering. HVL er éin av fire partnarar i ein delt ph.d. på feltet nautiske operasjonar. Forskinga på dette fagområdet har fokus på organisatoriske og operative aspekt ved risiko og sikkerheit .

#### Miljøvitskap og berekraftig utvikling

Samfunnet sine aktivitetar påverkar og vert påverka av naturen og miljøet rundt oss. Økologi, geologi og geofare og andre naturvitskapar står sentralt for å forstå korleis naturen fungerer, korleis den vert påverka av ulike inngrep og dermed korleis vi kan redusere konsekvensane av samfunnets påverknad på miljøet. Berekraftig bruk av fornybare energiressursar er viktig for å få ei samfunnsutvikling der ein tek vare på miljøet, sikrar sosial likskap og økonomisk utvikling. Anvendt og grunnleggande forskning ved HVL inngår som grunnlag for å sikre god arealplanlegging og berekraftig bruk av natur- og energiressursar. Dette tverrfaglege området spenner over fornybare energikjelder som vass-, vind- og solkraft, kraftdistribusjon, energiberarar som batteri- og hydrogenteknologi, energieffektive og miljøvenlege bygg og anlegg. Såkalla smarte hus og byar er ein viktig del av dette, også i forhold til areal- og landskapsplanlegging.

#### Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

##### Computer science

(Sjå beskrivelse under nasjonale område: Datateknologi)

##### Nautical and maritime operations

Området «Nautical and maritime operations» er del av ei nasjonalt satsing for å bygge maritim kompetanse. Prosjektet vart etablert av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Handel og

næringsdepartementet i 2011 og varer ut 2020. HVL samarbeider med tre andre høgare utdanningsinstitusjonar om dette prosjektet. Så langt har prosjektet resultert i eit felles ph.d.-program i nautiske operasjonar, akkreditert i 2016. Forskinga innanfor programmet rettar seg mot avansert bruk av simulatorar. HVL har særskilt ansvar for fagområda sikkerheitsleiing, organisasjon og leiing og brannssikkerhet. HVL har også under utvikling eit masterprogram i skipsteknologi, maritime operasjonar og leiing, i samarbeid med eit tysk miljø. Her er også bruken av simulatorar sentralt både i undervisning og i forskning

#### Profilområde 4: Innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling

Dette profilområdet kombinerer kunnskap frå samfunns- og naturvitskapane med bruksretta kunnskap frå profesjonane.

Dagens nærings- og samfunnsliv er i stadig endring. Innovasjon, entreprenørskap og omstilling vert utpeikt som særleg viktige innsatsområde for Vestlandet og Noreg i tida framover. HVL spelar ei aktiv og viktig rolle i denne omstillinga. Vår inngang til innovasjon og omstilling er forankra i forskning. Dette inneber at vi arbeider særleg med å forstå korleis innovasjonsprosessar utspelar seg innan ulike regionale kontekstar. Ei rekke forskjellar finst både når det gjeld geografi, sektorar og verksemdsgrenser, noko vi tek høgde for i våre tiltak for stimulere innovasjon og omstilling. Dette kjem eksempelvis til uttrykk i våre satsingar på studententreprenørskap og ansvarleg innovasjon.

Forskinga på innovasjon og omstilling danner grunnlag for HVL si rolle som ein kompetent samarbeidspartnar for regionalt nærings- og samfunnsliv. Eksempelvis utdanner vi studentar som har forståing for korleis innovasjon og omstilling skjer, og ikkje minst kvifor desse prosessane er viktige for å vidareutvikle Vestlandet. Dette vert også reflektert i ei tydeleg satsing på studententreprenørskap ved HVL. Det er eit mål å etablere studentinkubatorar på alle fem campusane. Regionalt nærings- og samfunnsliv er tett involvert i dette arbeidet.

Gjennomgripande endringar i samfunn og miljø (t.d. migrasjon og klimaendringar) krev omstilling av strukturane i samfunnet. Berekraftig utvikling må til for å kunne takle utfordringane desse endringane medfører og for å sikre at vi har gode samfunn å leve i framtida. Korleis slik utvikling og omstilling skal skje, krev kunnskap på tvers av økonomi og samfunnsvitskap, teknologi og naturvitskap, helse- og læringsvitskapane.

Innanfor profilområdet innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling er det 67 med førstekompetanse eller i stipendiatløp (av desse har 15 toppkompetanse).

Vi har identifisert følgjande profilelement:

- **Regional økonomi og utvikling**
- **Innovasjon i velferdstenester**
- **Organisasjon og leiing**
- **Klimaomstilling**
- **Grønt skifte og berekraftig utvikling**

#### Område HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet skil følgjande område innanfor innovasjon, entreprenørskap og berekraftig utvikling seg ut som mulege område med nasjonal posisjon<sup>6</sup>:

---

<sup>6</sup> Parallelt med at leveransen er sendt til høyring (1/12) er det sendt ut førespurnad til fagmiljøa bak desse områda med spørsmål om å skrive eit kort avsnitt der dei skildrar på kva måte dei hevder seg nasjonalt.



### Regional økonomi, historie og utvikling

HVL har arbeidd langsiktige med å utvikle spisskompetanse og modellverktøy på feltet regional økonomi, historie og utvikling. Forskinga på feltet dreier seg om å utvikle ny kunnskap om regional utvikling, om tettstadutvikling, arbeidsmarknadsutvikling og arbeidsledighet. Vidare dreier det seg om å utvikle forståing for prosessar knytt til mobilitet, pendling og flytting mellom kommunar.

Fagmiljøet har omfattande ekstern finansiering og er i samband med søknadsprosessar inn mot EU, i samarbeid med sterke nasjonale aktørar, i ferd med å etablere eit solid nasjonalt og internasjonalt nettverk på feltet.

### Studententreprenørskap

Studententreprenørskap er eit sentralt satsingsområde for HVL. Ein legg til grunn ei brei forståing av studententreprenørskap. Det betyr at satsinga i tillegg til å leggje til rette for at studentar kan utvikle eigne verksemder, også fokuserer på å utvikle ein *entreprenørskapskultur* ved HVL. Det er høve til å jobbe med entreprenørskap i og utanfor klasserommet. På denne måten får studentane byggje vidare på sine eksisterande faglege spesialiseringar når dei jobbar med eigne idear, og ein får ei kopling mellom eigen fagleg bakgrunn og innovasjons- og entreprenørskapsforståing. Utanfor klasserommet tilbyr HVL aktivitetar for studentar i ulike fasar, t.d. gjennom idékonkurransar, studentinkubasjonsprogram, mentorordningar og forretningsutviklingsprogram. Alle aktivitetar og tilbod vert sett i samanheng med forskning på innovasjon og entreprenørskap.

Med våre tette koplingar til regionalt nærings- og samfunnsliv, og ei relevantgjering av entreprenørskap i alle fagområde, legg HVL til grunn ei tilnærming og satsing på studententreprenørskap som går utover den smale modellen som tradisjonelt har prega feltet. Dette er med å gi oss ei leiande nasjonal rolle innan området.

#### 3.3.1.1 Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

##### Innovasjons- og entreprenørskapsforskning

Innovasjons- og entreprenørskapsforskninga ved HVL hevdar seg internasjonalt. Dette kjem særleg til uttrykk i publiseringar i leiande internasjonale tidsskrift. Forskingsaktivitetane er i all hovudsak forankra i eksternt finansierte forskingsprosjekt der regionalt samfunns- og næringsliv i mange høve er mottakarar av forskninga gjennom forskingsbasert rådgiving. Innovasjons- og entreprenørskapsforskninga ved HVL har eit særleg fokus på *ansvarleg innovasjon* og anvendte problemstillingar som utforskar korleis verdiskaping og lønsemd kan fremjast og realiserast parallelt med eit grønt skifte og vidareføring av velferdssamfunnet. Ein arbeider også med oppbygging av eit PhD-program innanfor temaområdet *ansvarleg innovasjon*. Ein har mål om å søke akkreditering hjå NOKUT i 2017/18.

HVL, ved Senter for nyskaping, er vertskap for tidsskriftet *European Planning Studies*. Dette er eit anerkjent internasjonalt fagtidsskrift innanfor områda innovasjon og regional utvikling. I 2018 vert det halde ein stor internasjonal forskingskonferanse med tittelen *Regional Innovation Policies* i Bergen, der HVL skal vere vertskap. Dette eksemplifiserer korleis HVL tek ein internasjonal posisjon innanfor fagområda innovasjon og omstilling.

### Sustainable climate change management

Strategiar og tiltak for å møte utfordringane på klimaområdet og omstille samfunnet i ei meir berekraftig retning er politisk, økonomisk og fagleg krevjande og kan berre løysast gjennom tverrfagleg fokus på klimaeffektar, klimatilpassing og -omstilling. HVL er særst godt rusta til å kunne jobbe med desse tverrfaglege problemstillingane gjennom å kombinere prosesskunnskap om klimaeffektane frå naturvitskaper som geologi, økologi og andre realfag (klimaeffektar), med anvendt kunnskap om klimatilpassingar frå areal- og samfunnsplanlegging samt bygg og energivitskapane (klimatilpassing), og den samfunnsfaglege og økonomiske kunnskapen om korleis få til berekraftig utvikling og utsleppsreduksjonar (klimaomstilling).



### Spørsmål til høringa

- Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald.
- Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vera nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet).
- På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngeving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høringa.

## 4 Forslag til mulege tverrfaglege satsingsområde for HVL

Forslaget til tverrfaglege satsingsområde knyter seg opp mot det punkta ovanfor om område der HVL skal vere nasjonalt leiande og der vi eventuelt kan ta internasjonale posisjonar. Samtidig kviler det på fusjonsplattforma og det forslaget dekangruppa kom med våren 2017, samt innspel som kom til prosjektgruppa etter delleveranse 1.

Tverrfaglege satsingsområde bør ha (ei viss) fagleg forankring ved alle dei tre fusjonerande høgskulane. Dei må ha eit relativt betydeleg omfang ved minst éin av dei gamle høgskulane og vere kjenneteikna av høg kvalitet. Områda skal vere av ein slik art at det er muleg å stimulere til gode og berekraftige synergiar ved å kople ulike fagleg sterke og lovande fagmiljø. Områda må ha god regional forankring og vere viktige i og for regionen. Den faglege basisen må vere solid. Vi har valt ut fire tverrfaglege satsingsområde. Områda er forholdsvis breie.

### Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing

Det norske velferdssamfunnet har store livsstilsutfordringar. Overvekt og inaktivitet i befolkninga er to slike utfordringar. Botemidla kan vere auka fysisk aktivitet, endringar av kosthald, meir vekt på ernæringsspørsmål. På dette området, folkehelse i vid forstand, er det òg store sosiale skilnader i befolkninga. Vestlandet er den landsdelen i Noreg som scorar høgast på dei fleste levekårsindikatorane. HVL kan møte desse utfordringane med tverrfagleg samarbeid basert på høg kompetanse innan fleire relevante fag.

- Fysisk aktivitet (idrett, friluft, helsefag)
- Overvekt (helsefag)
- Ernæring (helse, idrett, sosial- og samfunnsfag)
- Innvandring/migrasjon (sosialfag, helsefag)
- Pedagogiske utfordringar ved endring av livsstil (læring)
- Natur- og aktivitetsorienterte reiselivsopplevingar (reiseliv, friluft)

### Berekraft og sikkerheit

«Transitions towards sustainable societies» er den største utfordringa samfunnet står overfor i dag. Konsekvensane av eit villare, våtare og varmare klima og sikkerheitsbristar i maritime næringer har gitt og vil i framtida (kunne) gi særleg dramatiske utslag på Vestlandet. Omlegging og omstilling av næringsliv og industri i ei grønare retning byr også på utfordringar, særleg for det oljeavhengige Vestlandet. Tre spørsmål er sær viktige 1) Korleis kan vi best arbeide for å utvikle lågutslepp-samfunnet?, 2) Korleis kan vi redusere risikoen for miljøskade i eksisterande og nye næringer? og 3)

Korleis kan vi redusere skadeverknadene av dei store klimaendringane? HVL har fleire framståande fagmiljø som kan arbeide i lag med dei faglege utfordringane på dette feltet.

- Nye fornybare og berekraftige energiformer
- Utvikling av eit berekraftig næringsliv (på Vestlandet)
- Redusere skadeverknader av klimaendringar
- Berekraftige bygg og arealplanlegging
- Sikkerheitsutfordringar i maritim næring og i samband med klimaendringar
- Transportsektor og berekraftsutfordringar

#### Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap

Innovasjon og entreprenørskap er element som vil spele ei vesentleg rolle i utviklinga av Vestlandsregionen i framtida. HVL har mange fagmiljø som til saman kan og vil bidra til dette. Ei ph.d.-utdanning er under utvikling, i samarbeid mellom økonomi, organisasjonsfag, geografi, ingeniør/teknologi/kreative fag. Vi er også tett på aktørane. Vår tilnærming til innovasjon vil omfatte både næringsliv og offentleg sektor.

- Utvikling i og for næringslivet (på Vestlandet)
- Leiing, organisasjon og omstilling i offentleg sektor
- Berekraftig omstilling og innovasjon
- Læring og entreprenørverksemd
- Utvikling av helse- og omsorgsteknologi
- Kreativitet, kunstfag og innovasjon
- Innovasjon som drivkraft for regional utvikling på Vestlandet

#### IKT som mulegheitsskapande teknologi

HVL må ta i bruk og utvikle gode, funksjonelle IKT-baserte undervisnings- og læringsformer. Dette vert ei særskild viktig oppgåve. HVL har gode fagmiljø i IKT og læring og ei ph.d.-utdanning i datateknologi («computer science»). Innanfor helse- og velferdssektoren vert teknologiske hjelpemiddel i aukande grad tekne i bruk. Feltet kombinerer praktisk og teoretisk innsikt i og erfaring med IKT med fagleg kompetanse først og fremst til sentrale fag i lærarutdanningane. Det kan utvidast også til andre (profesjons)utdanningar, særleg når det gjeld etter- og vidareutdanning. Behovet for tverrfagleg innsats er stort.

- IKT i læring
- IKT og undervisning
- IKT og helse- og velferdsteknologi
- IKT og simulering (på fleire område)

#### Spørsmål til høyringa

- Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde.

## 5 Drøfting av prinsipp som skal liggje til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøying av utdanning.

Det går fram av fusjonsavtalen at HVL skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profiler etter eigenart og lokale behov. Denne formuleringa må også sjåast i samanheng med fusjonsplattforma sin ambisjon om å profilere HVL som ein fleircampusinstitusjon med sikte på å «vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag». Det er altså her

lagt opp til å finne ein god balanse mellom effektiv samkøyring og vidareutvikling av lokal profilering, både sett i lys av regionale behov og campusane sin faglege eigenart.

Alle tre nærregionar har etablert sin kultur og praksis i dei ulike utdanningane. Det er her viktig, spesielt i overgangsfasen, å finne praktiske samkøyringsordningar som utnyttar det beste frå dei tre institusjonane. Det er også viktig å finne ordningar for undervisning, vurdering og praksis-organisering som passar dei ulike utdanningstypene.

HVL må her ikkje setje for stramme føringar sentralt for dette tilpassingsarbeidet.

Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL:

- Utdanningsløp skal samkøyrast på tvers av campusane
- Utdanningane er av eit omfang som er fagleg og økonomisk berekraftig
- Ein byggjer opp under fagleg eigenart og regionale behov gjennom å
  - o Ha rom for tydeleg profilering av utdanningane
  - o Utnytte synergimulegheiter
- Organisering av undervisning, vurdering og praksis er tilpassa fagleg eigenart i dei ulike utdanningsområda

Det blir foreslått å oppretta ei eiga arbeidsgruppe for å operasjonalisere desse prinsippa i høve til kvalitetssikring og organisering i dei ulike utdanningskontekstane.

#### Spørsmål til høyringa

- Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»?
- Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?

## 6 Forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar for HVL i perioden fram til 2023.

Fusjonsavtalen gir føringar for at HVL skal ha som overordna ambisjon å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet i 2023. Dette må difor vere eit sentralt element i og gje føringar for formulering av mål og prioriteringar for HVL fram til 2023. Det er her også sagt at utviklinga av universitetsambisjonen skal byggje på profil og satsingsområda i HVL. Her står utviklinga av ph.d.-programma ved HVL sentralt. Fusjonsavtalen peikar vidare på at utviklinga av ph.d.- og masterutdanningar skal ha som siktemål å gje ein meirverdi til regionane.

### 6.1 Overordna visjon for HVL

#### **Visjon:**

*Høgskulen på Vestlandet (HVL) er til for studenten og for kultur-, samfunns- og arbeidslivet regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal dele og utvikle forskning av høg internasjonal kvalitet. Vi skal byggje på det særeigne ved kulturen og naturen på Vestlandet, samstundes som vi skal vere ein tydeleg kunnskapsaktør nasjonalt og internasjonalt.*

*HVL skal vere profesjonsretta, tilby høg kvalitet, og ha tidsriktig og fagleg oppdatert innretting på utdannings- og forskingsverksemda. Det er eit mål for HVL å bidra til auka verdiskaping i næringsliv*

*og offentlig sektor på Vestlandet. Vi skal vere synlege og tydelege på grunnverdiane våre knytt til nærleik, engasjement, kreativitet og innovasjon. Verksemda skal vere prega av høg etisk standard og akademisk fridom.*

## 6.2 Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023

I arbeidet med å utvikle HVL må det finnast ein god balanse mellom å oppretthalde og utvikle god kvalitet på bachelor- og masterutdanningane og den meir spissa satsinga retta inn mot universitetsambisjonen, som i hovudsak dreier seg om å utvikle og drifte eksisterande og nye ph.d.-program.

Overordna mål for strategisk utvikling av HVL fram mot 2023 går fram av fusjonsplattforma og kongeleg resolusjon. Prosjektgruppa foreslår følgjande operasjonisering av desse målformuleringane:

1. HVL skal utvikle ein fagleg plattform og profil som gjer det muleg å søke om å bli universitet med profesjons- og arbeidsretta profil i 2023. For å oppnå dette skal HVL leggje stor vekt på:
  - a. å tilby gjennomgåande forskingsbaserte studieløp frå bachelor til ph.d.
  - b. å vidareutvikle eksisterande ph.d.-program slik at programma rekrutterer breitt frå alle campus
  - c. å utvikle to nye doktorgradsområde med brei involvering frå relevante fagmiljø
  - d. å sikre tilstrekkeleg produksjon av ph.d.-kandidatar for å fylle krava til studiekvalitets- og -tilsynsforskrifta
- 2) HVL skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling gjennom utdanningar, FoU, innovasjon og formidling av høg internasjonal kvalitet. For å oppnå dette skal HVL etablere gode rammevilkår for forskingsverksemda ved å leggje stor vekt på:
  - a. å stimulere til nasjonal og internasjonal nettverksdanning og sampublisering
  - b. å stimulere til forskingskvalifisering i fagmiljø
  - c. å etablere gode støttesystem for FoU-verksemda, inklusive ekstern finansiering nasjonalt og internasjonalt
  - d. å bruke innovasjon og entreprenørskap i regional utvikling
- 3) HVL skal tilby utdanning på mastergradsnivå med høg kvalitet på alle fem campus. For å oppnå dette skal ein for alle bachelor-, mastergrads-, doktorgrads- og etter- og vidareutdanningar leggje stor vekt på
  - a. å vidareutvikle eksisterande studieportefølje og etablere nye i samråd med sentrale regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
  - b. undervisningskvalitet og fleksible organiserings- og læringsformer
  - c. forskings- og profesjonsorienterte tilnærmingar til undervisninga
  - d. å utvikle god samanheng mellom læringsutbytte, arbeidsformer og vurderingsformer i utdanningane
  - e. å etablere gode system for UH-pedagogisk kompetanseutvikling

**Spørsmål til høringa:**

- Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling?
- Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?